

UNG KIRKESANG



Landssekretariatet, Fjeldal, 4790 Lillesand. Telefaks nr.: 37 27 40 89

Telefon: 37 27 18 17 E-post: ungk@online.no Nett: www.sang.no

Organisasjonsnummer: 971 337 893, kontonummer 3202 20 28080

Til Det kongelege kulturdepartement
Samfunns og frivillighetsavdelinga
Boks 8030, Dep
0030 Oslo

Lillesand, 30. mai 2012

Høyringsfråsegn – endring i Frifond organisasjon

Vi viser til dykkar brev av 14.04.2012, og ynskjer å avgi følgjande fråsegn: **Ung kirkesang landsstyre støttar Landsrådet for Norges barne- og ungdoms-organisasjonar (LNU) sitt forslag til samordning av Frifond organisasjon, av den grunn at alle organisasjonar må bli handsama likt.**

Ung kirkesang kjenner til frifondordninga i både Norsk musikkråd (NMR) og i LNU. Frå forsøksordninga i 1998 fram til 2010 fekk Ung kirkesang frifondmidlar via NMR. I 2011 flytte Ung kirkesang frå NMR til LNU, sidan vi var misnøgde med NMR si forvaltning og ynskte å vere tilknytt ein støtteforvaltar med eit godt og truverdig forvaltingsregime. Vi var budde på endring og vår erfaring kan demonstrere forskjellane som følgje av forskjellig fordelingspraksis.

NMR har praktisert at fordelingsgrunnlaget er medlemslag pr 31.12. året før fordelingsåret, i somme tilfelle også seinare datoar. Dette har vore ein fordel for ein organisasjon i vekst, slik som Ung kirkesang, sidan nyinnmelde lag har kunna reknast med i fordelingsgrunnlaget. Vi har dokumentert lag med 2 og 3 medlemmer og fleire enn 4 medlemmer i alderen under 26 år.

I LNU har fordelingsgrunnlaget vore ”teljande lag”, slik det er definert i *forskrift om tilskot til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar av 29. november 2007, med endringar av 15. september 2009*. Dermed kan verken lag med to, tre eller fire medlemmer teljast med. Heller ikkje nyinnmelde lag kan reknast med, sidan teljetidspunktet er to år før fordelingsåret. Dermed vart det slik når Ung kirkesang flytta frå NMR til LNU at organisasjonen fekk midlar både i 2010 og i 2011 på det same grunnlagstidspunktet: på dei medlemmene organisasjonen hadde 31.12.2009. Men sidan teljemåten var ulik, var talet på lag som talde med 24 færre, eller ein reduksjon på 7,5%. Ved samanlikning mellom 2010 og 2011 var det endringar i dei store tala: Løyvingane til Frifond totalt auka med 1,4 millionar (+0,8%) frå 2010 til 2011 og talet på lag som fekk tildelingar, minka med 1857 (-11,3%) frå 2010 til 2011. Gitt endringane i løyving og lag som fekk tildeling, burde det meir enn vege opp reduksjonen på 7,5% i grunnlag som følge av strengare tellemåte i LNU, dersom alle ting elles hadde vore likt. Men det er grovt ulikt:

I 2010 fekk Ung kirkesang tildelt kr 3.077.976 frå NMR (320 lag)


I 2011 fekk Ung kirkesang tildelt kr 2.317.855 frå LNU (296 teljande lag)

Differansen mellom dei to tildelingane er på kr 760.121, eller ein reduksjon på 25%. Dermed er vår konklusjon at årsaka til mindre tildeling er forskjellar i forvaltningsregima. Det er mange detaljer og regler som er ulike, i tillegg til dei som er nemnt i dette brevet, og det er dei samla forskjellane som fører til stort avvik mellom dei to fordelingsregima. Dette må det bli slutt på.

Ung kirkesang landsstyre meiner det er svært uheldig at den same støtteordninga gir seg utslag i så store skilnader, og vil be departementet om å sørge for at det blir likebehandling og same vilkår for alle organisasjonar, snarast råd, og at LNU står for fordelinga til alle organisasjonane.

Med helsing

Johanne Bjørkhaug /s.
leiar i landsstyret


Nils Hidle
generalsekretær